

Kari Skjelanger Mjelde og Kjell Skarpenes

Husebøvegen 83
5917 Rosslund

ISTANDSETJING AV JORDKJELLAR PÅ HUSEBØ, GNR NR 54 BNR 11, MELAND KOMMUNE. TILSTANDSVURDERING OG TILTAKSPLAN

Eg viser til synfaring hjå dykk 18.09.17. Berit Bruvik var også til stades. Føremålet var å inspisera jordkjellaren dykkar med tanke på ei tilstandsvurdering og ein plan for istandsetjing. De har også bede meg om å laga ei kostnadsvurdering.

Litt allment om jordkjellaren og jordkjellarane

Den vestnorske potetkjellaren er ein liten og lite påvørd bygningstype som i tidlegare tider har vore heilt avgjerande for næringsgrunnlaget og tilpassinga til naturen i desse områda. Garden Husebø ligg i den delen av regionen som må kallast eit typisk kystlandskap. Kunnskapen om å byggja med tilgjengelege materiale som jord, stein, never, leire osv. er gamal og har vore heilt avgjerande for overleving. Kunnskapen grip truleg tilbake heilt til neolittisk tid og er ein felles kunnskap for folka ved kyst- og øysamfunna i Nord-Atlanteren. Den typiske utkraga jordkjellaren finst t.d. på Vesterhavssøyane, Irland, vestkysten av Sverige, vestkysten av Portugal, på Vestlandet frå Lindesnes til Sognefjorden¹ og med solide konsentrasjonar som på Karmøy. Men ein finn ikkje slike jordkjellarar på Voss! Ei heller lenger aust.

Den smålåtte jordkjellaren er såleis ein særdeles viktig materiell berar av historia om levkår, om levkår, næring og arbeidsliv. I tillegg er han eit uttrykk for ein svært sofistikert byggjeteknikk.

Det skal seiast at ein del jordkjellarar er blitt tekne vare på, og nokre få er blitt restaurerte, men alt for mange har blitt valsa ned av gravemaskinar og lagt i fyllingar eller dei har forfalle som fylgje av manglande bruk og vedlikehald. Initiativ som prosjektet «Jordkjellarar i vest» i regi av Maihaugen, Hordland fylkeskommune m. fl. har medverka til å snu denne trenden. At Norsk kulturminnefond gav støtte til eit opplæringstiltak i samband med restaurering av ein jordkjellar på Krossøy i Austrheim kommune, var svært viktig i denne samanhengen. Eit nytt jordkjellarprosjekt er under oppbygging med Museumssenteret i Hordaland, UiB og andre i leiinga. Dette vil setja fokus på *bruken* av jordkjellarane og dei særlege eigenskapane dei har som lager for viss typar matvarer.

I ein slik kontekst er det å ta vare på jordkjellarane som fysiske ovringar, umåteleg viktig.

¹ Jfr. Per Gjærder

Skildring av jordkjellaren

Jordkjellaren ligg plassert i tunet i rimeleg gangavstand til våningshus, slik dei står no og slik gardstunet var forma tidlegare. Han er av dei desidert større og har sett. Kjellaren er SEFRAK-registrert, og storleiken er også særskilt nemnt i rapportskjemaet der.

Ytre mål. Lengda kan grovt setjast til ca. 900 cm, breidda 650 – 700 cm. SEFRAK-bladet gjev opp ytre mål på 700 x 700 cm, men eg reknar vår oppmåling som meir sætande.

Indre mål. Lengda er 450 cm. Det er rimeleg stort, men ikkje uvanleg heller. Det er breidda inne som skil seg noko ut frå mønsteret. Den er godt og vel 280 cm. Det er sjeldan vi ser jordkjellarar av dette slaget med eit større tverrmål inne enn i underkant av 200 cm. Det er denne breidda har utfordra denne typen konstruksjon, med dei dimensjonar på stein og vegger som denne har. Høgda inne kan ikkje «målast», då taket er vekke. Denne vil fyrst «laga seg» når denne delen av konstruksjonen bli bygd opp att, men det vanlege vil vera ca. 200 cm. Høgd opp til topp dørøpning er 155 cm og dørøpninga er ca. 100 cm brei.

I fugene er det lagt dels leiremørtel, dels kalk og dels betong. Bjørkenever har vore nytta til tetting mellom stein og jordoverdekning.

Av SEFRAK-registreringa går det fram at jordkjellaren *ikkje* var i bruk per 12.05.1993. Registranten har skrive at «*potetkjellaren er heilt fin, men ikkje i bruk*», men har sidan stroke ut denne setninga. Vedkomande har truleg vore noko usikker i vurderinga at tilstanden og har valt å dra påstanden tilbake. Det samtidige foto likevel viser, er at kjellaren var ståande, at taket ikkje var rasa saman, og at bygget såleis heilt klart ikkje vart vurdert som ein ruin (noko det skal gjevast svar på på skjemaet). Ein kan likevel skimta at overdekninga av jord og torv er noko «slunken», dvs, at jordlaget nok har erodert utan å bli erstatta med ny overdekning.

Vi saknar opplysningar om byggjeår og kven som bygde kjellaren.

Skadebildet

Som det går fram av vedlagde fotodokumentasjon, er den øvste delen av bygningen, «taket», med dekkheller borte, mest truleg har dei rasa ned. Det ligg ein haug med stein inne i jordkjellaren, men det er uvisst om alle dekkhellene er på plass og om dei er uskadde. Noko stein i den øvre delen av utkraginga har falle ned eller kome i ulage. Elles konstruksjonen intakt. Å gå etter i fugene med høveleg mørtel, leire- eller kalk, og å måla veggene inne med kalkmåling, bør bli ei oppgåve, men treng ikkje vera med i restaureringsprosjektet no der det handlar om istandsetjing av sjølve konstruksjonen.

Framlegg til tiltak

- Rydda bort all vegetasjon inni og rundt jordkjellaren (det vert lagt til grunn at tiltakshavar gjer dette sjølv)
- Rydda/grava ut inne, henta ut stein og sortera denne
- Gå over yttermur og inngangsparti; gjera nødvendige tiltak på fundament og drenering
- Plukka ned laus stein i toppen av utkraginga
- Fjerna jord om nødvendig for å koma til med oppattmuring
- Tilbakeføring av skadde delar av utkraginga
- Tilbakeføring av toppheller i tak
- Oppmuring av ljore

- Tilbakeføring av never i overdekninga
- Tilbakeføring av jord og torv i overdekninga
- Tilbakeføring av ljorehelle

Eg reknar med at det aller meste av arbeidet vil kunna utførast manuelt, men det kan bli nødvendig noko hjelp til å lyfta topphellene på plass, enten av ein gravemaskin med tilstrekkeleg rekkevidd, vinsj eller liknande. All tilgjengeleg stein må bli nytta opp att. Supplerande stein bør kunna finnast på garden eller i nærområdet. Tilførsle av stein vil medføra ein kostnad enten ved kjøp eller medgått arbeidstid.

Gjennomføringa av arbeid må skje på basis av kunnskap om denne typen bygningar og utførast på kulturminnet sine premisser.

Kostnader

Eg viser til vedlagt rekneark med kostnadsoverslag. Det vert understreka at tiltaket er noko uoversiktleg og vanskeleg å kostnadsrekna, men eg har gjort eit overslag etter beste skjønn. Viss det dreg ut noko med gjennomføring, vil indeksregulering av prisar og takstar bli aktuelt.

Frekhaug 30.10.17

Beste helsing

Haakon Aase

Vedlegg: Fotodokumentasjon (pp-presentasjon)
 Eldre foto (frå SEFRAK-registreringa)
 Skjema frå SEFRAK-registrering
 Kostnadsoverslag